

Vedtekter for foreldrerådets arbeidsutval (FAU) ved Lidar skule

Revidert av FAU 23.5.2024

FAU er foreldregruppa sitt talerøyr, og skal bidra til eit trygt og godt læringsmiljø for alle. Målet er å gje foreldra reell medverknad i skulen sitt virke og utviklingsarbeid.

FAU skal vera ein konstruktiv samarbeidspartnar for skulen. FAU kan koma med råd og innspel, men også ta opp saker på eige initiativ.

Foreldrerådets arbeidsutval skal mellom anna bidra til:

- Eit trygt læringsmiljø for elevane, der mobbing og krenkingar ikkje skal skje
- Sosiale tiltak for elevane og foreldra
- At foreldra kan koma med innspel til innhald og organisering av undervisninga
- Eit godt fysisk skulemiljø
- Trafikktryggleik i skulen sitt nærmiljø
- Godt samarbeid mellom heim og skule

Samansetning og val

Primært skal val til FAU gå føre seg på foreldremøtet på våren, i forkant av påtroppande klassar. For leiar er sitjande FAU-representantar valkomité.

- Leiar – valt separat for eitt år av gongen
- Ein klassekontakt og ein vara på kvart trinn
 - Representantane for 1. trinn blir valt for eitt år, mens dei som blir valt for 2., 4. og 6. trinn blir valt for to år av gongen. Som hovudregel er det derfor ikkje val på 3., 5. og 7. trinn.

FAU vel nestleiar og kasserar, og evt. sekretær, samt representant til Samarbeidsutvalet (SU) og Skulemiljøutvalet (SMU). Leiar sit også i dei to utvala.

Alle klassar skal i tillegg velja to ansvarlege for trivselstiltak/arrangement.

Arrangement

Alle klassar skal ha minst eitt klassearrangement årleg utanom skuletid, der foreldre er ansvarlege. I tillegg har enkelte trinn ansvar for faste arrangement kvart år:

- 3. klasse har ansvar for juletefest – med bakehjelp frå 1., 4. og 7. trinn. Dei familieane som har barn i fleire aktuelle klassar leverer éi kake. Inntekta går til FAU.
- 6. klasse har ansvar for 17. mai, saman med 6. klasse på Rogne skule. Inntekta blir delt mellom FAU Lidar og FAU Rogne. Ved små kull kan 10. klasse få tilbod om oppgåver mot betaling.

Klassar kan også gå saman om enkeltarrangement, til dømes Halloween-fest, karneval, dugnad, julefrukost eller anna. På førespurnad frå klassane/føresette kan FAU sponse klasse- og skulearrangement.

Fast sponing

FAU sponsar enkelte faste aktivitetar:

- Vår-tur til klatreparken i Beito for 6. klasse
- Buss til fjelltur for heile skulen på hausten
- Kr. 100 per elev på avslutningstur i 7. klasse
- Disco og pizza for 7. klasse på våren for Rogne og Lidar skule

Skulen kan søkje om støtte til andre aktivitetar, busstransport, utstyr m.m.

Dugnad

FAU inviterer til dugnad på vårparten dersom skulen ynskjer det.